

KOMMISJONSAVGJERD

2016/EØS/54/36

av 22. november 2010

om godkjenning av Sri Lanka med omsyn til utdanning, opplæring og sertifisering av sjøfolk med sikte på godkjenning av sertifikat*[meld under nummeret K(2010) 7963]*

(2010/704/EU) (*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2008/106/EF av 19. november 2008 om minstekrav til sjøfolks opplæringsnivå⁽¹⁾, særleg artikkel 19 nr. 3,

med tilvising til brev av 13. mai 2005 frå dei kypriotiske styresmaktene der dei ber om godkjenning av Sri Lanka for at dei sertifikata som denne staten utferdar, skal kunne godkjennast, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Medlemsstatane kan ta ei avgjerd om å godkjenne dei sertifikata som tredjestatar har utferda til sjøfolk, på det vilkåret at Kommisjonen har godkjent at den aktuelle tredjestaten oppfyller krava i den internasjonale konvensjonen om normer for opplæring, sertifikat og vakthald for sjøfolk (1978), i revidert utgåve (STCW-konvensjonen)⁽²⁾.
- 2) Som følgje av oppmodinga frå dei kypriotiske styresmaktene har Kommisjonen vurdert systema for maritim utdanning, opplæring og sertifisering på Sri Lanka med sikte på å kontrollere om denne staten oppfyller krava i STCW-konvensjonen og om det er gjort tilfredsstillande tiltak for å hindre svik med omsyn til sertifikat. Denne vurderinga vart gjord på grunnlag av ein inspeksjon som sakkunnige frå Det europeiske sjøtryggleiksbyrået utførte i november 2006.
- 3) I dei tilfella der det vart oppdaga manglar under vurderinga av samsvaret med STCW-konvensjonen har dei srilankiske styresmaktene gjeve Kommisjonen dei relevante opplysningane han har bede om, i tillegg til prov på at det er gjennomført høvelege og tilstrekkelege korrigerande tiltak for å rette opp dei fleste av desse manglane.
- 4) Dei resterande manglane med omsyn til visse sider ved dei nasjonale framgangsmåtene for utdanning, opplæring

og sertifisering av sjøfolk gjeld særleg manglande spesifikke lovføresegner om kvalifikasjonane til instruktørar, bruk av simulatorar og mangel på utforming og prøving av simulatorøvingar i ein av dei institusjonane for maritim utdanning og opplæring som vart undersøkt. Dei srilankiske styresmaktene er difor vortne oppmoda om å gjennomføre fleire korrigerande tiltak på desse områda. Desse manglane gjev likevel ikkje grunn til å tvile på at dei srilankiske systema for maritim utdanning, opplæring og sertifisering generelt er i samsvar med STCW-konvensjonen.

- 5) Resultatet av vurderinga av samsvaret og vurderinga av opplysningane frå srilankiske styresmakter viser at Sri Lanka oppfyller dei relevante krava i STCW-konvensjonen. Sri Lanka har òg gjort høvelege tiltak for å hindre svik med omsyn til sertifikat og bør difor godkjennast av Unionen.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for sjøtryggleik og hindring av ureining frå skip —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Sri Lanka er godkjend med omsyn til utdanning, opplæring og sertifisering av sjøfolk med sikte på godkjenning av dei sertifikata som denne staten utferdar.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 22. november 2010.

For Kommisjonen

Siim KALLAS

Visepresident

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 306 av 23.11.2010, s. 77, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 112/2012 av 15. juni 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 56 av 4.10.2012, s. 35.

(¹) TEU L 323 av 3.12.2008, s. 33.

(²) Vedteken av Den internasjonale sjøfartsorganisasjonen.